
Fra: Ståle Rossgård <stale.rossgard@gmail.com>
Sendt: fredag 25. mai 2018 21.27
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Jon Askeland; Lisbeth Toppe Alvær
Emne: Innspel til Trafikksikringsplan 2014 - 2020
Vedlegg: Spørsmål Spørjetimen 21092017.pdf; PrioriteringVeglys1983.pdf

Viser til usendt Trafikksikringsplan 2014- 2020.

I planen les eg fylgjande:

Visjon:

Ingen drepne eller alvorleg skadde trafikantar i Radøy kommune, og **alle skal ha trygg skuleveg**

Hovudmål:

Skuleborna skal ha trafikksikre skuleveggar på Radøy.

Fartsgrense Bruksområde (grunngeving):

50 km/t Vert berre brukt unntaksvis på vegar med randbebyggelse der det er spesielt stor trafikk av mjuke trafikantar og liten vern av desse, eller på stader kor det er spesielt stor aktivitet ved vegen (på grensa til tettbygd strøk)

60 km/t Vert normalt brukt på vegar med randbebyggelse og mjuke trafikantar

70 km/t Vert brukt på vegar utanfor tettbygd strøk som har mange og alvorlege ulykker og stor trafikk

80 km/t Generell fartsgrense utanfor tettbygd strøk dersom ikkje anna er skilta

90 km/t Vert brukt på vegar som har spesielt god geometrisk utforming. Dersom

(min kommentar: **Mao. er fartsgrensa i Trævegen 80 km/t. og mange kjører ganske fort**

Gangavstandar frå skulane:

Opplæringslova frå 98 § 7 bestemmer at elever frå 2. – 10 klasse som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss.

For elever i 1. klasse er skyssgrensa to kilometer. Skulereforma i 1997 førte til at ungar må ut i trafikken eit år tidlegare, det vil seie at **6 – åringar skal gå til skulen.**

Veglys er kostbart, og kostnader og effekt av veglystiltak vert vurdert opp mot andre trafikksikringstiltak. I prioriteringer mellom ynskje om veglys, legg Radøy kommune mest vekt på stader der veglys truleg vil ha størst reell trafikksikringseffekt (reducere talet på ulykker/uhell). Der utryggleik er hovudgrunn, vil **Radøy kommune prioritere område som ligg nær skule, og som vert nytta som skuleveg** av mange elver.

(sitat slutt)

Faktagrunnlag for skulevegen frå Ystebøreenen på Sletta.

1. Kommunevegen frå Ystebøreenen til Austebygd skue og barnehage er skuleveg for 6-åringar **som ikkje har rett på skuleskyss.**

2. Kommunevegen frå Ystebørenen til krysset Sjøbrekka/Slettevegen er skuleveg for borna på Ystebørenen som skal til ungdomsskule, vidaregåande skule eller til samfunnshuset/idrettsbana. Desse skuleborna har heller ikkje rett på skuleskyss.
3. Veggen rundt Trævegen - Sjøbrekka - Slettevegen - Valdernsevegen er heile året populær som turveg både for gåande og brukarar av elektrisk rullestol.
4. Trævegen sto allereie i 1983 på prioriteringslista for veglys (sjå vedlegg).
5. Tross gjentatte henvendingar til kommunen kom lysa kom aldri på plass, og foreldra på Ystebørenen måtte derfor sjølv kosta oppsetjing av veglys på omlag 3/4 av Trævegen
6. Framleis manglar det nokre lys langs Austevatnet og Sjøbrekka er heilt utan veglys.
7. Sidan 1983 er det sett opp rikeleg med veglys frå Skjelvik til Austebygd skule. Det er bra, men mange undrar seg over at veglysa her har fått prioritet då borna frå Skjelvik og Valdernesnes har rett på skuleskyss?
8. ...

Det ligg føre mykje dokumentasjon på trongen for veglys langs Trævegen. Eg nøyer meg likevel med kun å leggje ved kopi av spørsmål med svar frå spørjetimen den 21.9.2017 og prioriteringslite veglys 1983.

For skuleborna sin del både vonar og trur eg at eg får oppleve at Radøy kommune no slutfører veglysprosjektet "Trævegen-Sjøbrekka" god ein måte.

Venleg helsing Ståle Rossgård